

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
FORMANNSKAPET	18.04.2013	015/13	ØBO
KOMMUNESTYRET	02.05.2013	021/13	ØBO

Saksansv.: Øyvind Bang-Olsen	Arkiv: K1-122	Arkivsaknr 12/165
	Objekt:	
	Avgjerd av:	

REGIONAL TRANSPORTPLAN FOR SOGN OG FJORDANE (RTP) 2014 - 2023

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	21.02.2012	Sogn og Fjordane Fylkeskommune - samferdsleavd.	INFORMASJON OM ARBEID MED REGIONAL TRANSPORTPLAN FOR SOGN OG FJORDANE 2014- 2023
2	U	30.03.2012	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	INNSPEL TIL SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE - REGIONAL TRANSPORTPLAN
3	I	27.04.2012	Øystein Andre Wilkensen	HØYRING: REGIONAL TRANSPORTPLAN FOR SOGN OG FJORDANE 2014-2023 - PLANPROGRAM
4	I	20.12.2012	Statens vegvesen	Regional transportplan - behov for gang- og sykkelveg
5	I	22.01.2013	Øystein Andre Wilkensen	Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014-23 - Innspel til handlingsprogram
6	I	28.02.2013	Statens vegvesen v/ Olav Terje Hove	Behov for gang- og sykkelvegar

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Overordna føring for finansiering og prioritering av veganlegg

Naustdal kommune sin uttale byggjer på vedteken planstrategi, trafikktryggleiksplan, kommunedelplan for sentrum, reguleringsplan for gangbru over Nausta og interkommunale planstrategi for Sunnfjord. Planstrategi for 2012-2016 inneheld viktige element og koplingar mellom samferdsle i regionalsamanheng, forbetring av kollektivtilbodet i området, samanbinding av tettstaden Naustdal, trafikktryggleik i heile kommunen, og samanhengen mellom trafikktryggingsarbeidet og folkehelseperspektivet. Vi ynskjer å gjere skulevegen tryggare for den enkelte, gjere tiltak som gjer det enklare og tryggare for fleire å gå eller sykle til skule/jobb/fritidsaktivitetar, og dermed fremje fysisk aktivitet i befolkninga.

Grunngjeving: Vi vil at Sogn og Fjordane Fylkeskommunen i handlingsprogrammet prioriterer dei viktigaste transportkorridorane som bind saman regionar, verkar regionforstørrande og løyser ut større næringspotensiale. Slike løysingar opnar opp for sterkare bu- og arbeidsmarknads-integrasjonar. I Sunnfjord har vi mange utviklande område og prosjekte som vil krevje fornying av infrastruktur, td. Mineralutvinning i Engebø, utviding av oljebasen i Florø og fornying av samferdselssystemet i Førde slik at trafikkavviklinga ikkje bremsar utviklinga i Indre Sunnfjord.

Satsing på hovudstammer og nøkkelinfrastruktur med høgast mogeleg samfunnsnytte vil også kunne skape grunnlag for høg finansieringsevne og verke utløysande på betalingsvilje frå trafikkbrukarane. Brukarbetaling må nyttast strategisk mot realisering av samferdselspolitiske mål. Betalingsvilje bør kunne auke forhandlingskrafta mot statlege styremakter og legg grunnlag for snøggare gjennomføring enn elles. Derfor må prosjekt med høg eksterntfinansiering i handlingsplanen få høgast prioritet. Størst regionale gevinstar får ein for ressursinnsatsen når fylkeskommunale samferdselsmidlane vert brukt som nytt finansieringsgrunnlag frå andre kjelder, det være seg bompengar, utbyggingsavtalar, statlege- og regionale samferdselsmidlar.

1. Prioritering av løyving til Kystvegen Florø – Måløy og midlar til planlegging av trase/regionalanalyse av Kystveg Florø – Dale i den første 4 års perioden. Prioritering av prosjekt Florø - Dale i påfølgjande 4 års periode. Vurdering må også omfatte bru over Ålesundet som eit av alternativa.

Sogn og Fjordane si regionale utvikling skil seg frå andre sine fylke si ved at nærings- og verdiskapingspotensiale frå kystnæringar i for liten grad er realisert. Regionforstørring vil kunne binde saman kystnæringar og gje vekstimpulsar til nærings- og tenesteutvikling for ein større del av fylke. Forbetring av kommunikasjonane er truleg det mest sentrale verkemiddel for å utvikle fylkesdekkjande private og offentlege tenestefunksjonar knytt til næringsklynge som har sitt utspring på kysten.

Det viser seg at regionar som lykkast med næringsutvikling og befolkningsauke har stor arbeidsmarknadsintegrasjon. Det er ein fordel for alle, både for arbeidstakarane som har større val, og bedriftene som får eit breiare rekrutteringsgrunnlag. Offensive regionar langs kysten har løyst sine samferdsleutfordringar med brukarbetaling. Vegsambandet langs kysten nordover er så vidt lite effektivt, også med omsyn til transporttid/samanbinding av mindre regionar, og hindrar dermed utvikling av viktige maritime næringar og næringsklynger. Førdefjorden har verken ferjekryssing eller brusamband.

Vi trur at Kystvegen Florø – Måløy er med å realisere eit stort næringspotensiale. Derfor må dette få prioritert og bli realisert i perioden 2014 – 2018.

Vi ynskjer at det blir gjennomført studie for val av trase mellom Florø – Naustdal – Dale for å finna det vegval som bidreg mest til regionforstørring, reisetidsreduksjonar, folketalsutvikling og næringsutvikling. Det må setjast av midlar til planlegging av dette prosjekter i første del av planperioden. Prosjektet må deretter få prioritet i neste periode.

2. Prioritere gangbru over Nausta som del av ”Førdepakka”

Naustdal har forslag til konkrete prosjekt effektive tiltak som bidreg til mindre press på vegnettet i Førde. Det er naturleg å peike på at Førde er regionsenter som genererer stor grad av arbeidspendling og reiser for handel, kulturtilbod og idrett med meir i nabokommunane.

RV5 er den dominerande regionale transportåra gjennom Naustdal og påverkar utviklingsrom for sentrumsareala og har tryggleiksproblemstillingar knytt til seg. Dagens rv. 5 gjennom Naustdal er frå 1972. Sidan den gong har det vore ei stor trafikkutvikling, og rv. 5 har etter kvart vorte ein større og større barriere mellom sentrum og byggjefelta aust for Nausta.

Trafikk frå Naustdal utgjør 2/3 av trafikken like før Førde Sentrum (RV5). Kommunen har vurdert å søke eige innkrevingsområde for tiltak i Naustdal. Vi ser at gangbrua er eit lite prosjekt for eige innkrevingsområde og for strekningsvis innkreving. Førdepakken framstår som et viktig grep for sentrumsutvikling i Førde. Men, Førdepakken har lite tilrettelegging og nye løysingar for RV5 knytt opp mot E39.. I eit felles bu og arbeidsområde er det viktig å sjå sentrumsutvikling i samanheng. Naustdal Kommune ha tidlegare støtta Førdepakken med det utgangspunkt i at og Naustdal sentrum får løyst sine utfordringar samstundes som trafikksikkerheita for bilistane og mjuke trafikantar på RV5 vert vesentleg betra.

Vi har igangsett regulering langs RV5 for å kunne delta i Førdepakka. Reguleringsplan for gangbrua vil være ferdig innan sommarferien. Andre tiltak vil vi avklare med Statens Vegvesen. Kommunen har i trafikktryggleiksplanen prioritert gangbrua. I planen har vi laga ei liste over andre tiltak med prioritet. Naustdal kommune sin støtte til Førdepakken er avhengig av at «pakken» samstundes løyser utfordringa i Naustdal sentrum.

3. Utvikling av kollektivtransporten i Sunnfjord

Det har vore sagt at strekninga Førde- Florø er einaste strekninga der landevegs kollektivtrafikk kan fungere. Vi meiner det vil være relevant å vurdere eit auka kunnskapsgrunnlag for transportsystemet i Sunnfjord med tanke på kollektivtransport og miljø, tryggleik og senterutvikling opp mot dei store investeringar i stamvegnettet. Sjølv om samordna transportplanlegging hittil i stor grad har vore knytt til større byar vil det være relevant å vurdere metode for å handtere tryggleikstiltak, stamvegutbygging- og kollektivsystem med utgangspunkt i vår fleirkjerna senterstruktur i Sunnfjord. Vi meiner at det må gjennomførast ei analyse med dette som utgangspunkt.

4 Utbetring av flaskehalsar, tryggleik og vedlikehald

Kommunen peika på etterslep/siktproblematikk generelt. Vegvesenet viste til vedlikehaldsprogram. Det er relativt lite tildelte midlar på området.

4.1 Vedlikehald, investeringstiltak og flaskehalsar - Fv 611, Sæla - Flora grense

Vi har i trafikktryggleiksplan peika på ulike pkt med eksempel på dårleg dekke på strekninga og problematikk med manglande lys i tunnelen Helle-Redalen. Veglys i Vevring bør vere ein del av oppfølging av trafikktryggleik. Mogeleg tiltrettelegging for utsiktspunkt utanfor Andalen må takast opp att dersom det skulle verte aktuelt. Kommunen må sjølv sørge for planlegging av dette.

Det er nytt og moderne veganlegg Naustdal Sentrum- Sæla. Det ligg føre utbyggingsavtale som gjev minimumsramme for utvikling av vegen ved utvikling av bergverksdrift på Engebø. Utgreiingar knytt til denne saka gjev god dokumentasjon for tilstanden til denne vegen. Tiltak frå innspel/ uttaler til planen:

Stad	Tiltak	Kommentar
Rv611	Asfaltering av gjennværande strekningar.	
Redalen- Vevring	Mørke tunnellar- lys eller fornya kvitmaling. Asfaltering	
Lauvberget- området	Rasfare	
Bru Vevring, Årsetbakken.	Bru ved butikken, manglar ved rekkverk og sikt Sikring dreneringsavløp	

4.2 Vedlikehald, investeringstiltak og flaskehalsar - Fv 511 og 512- Naustedalen

Tiltak frå innspel/ uttaler til planen:

Stad	Tiltak	Kommentar
Trafikksituasjonen – Horstadflata	Sambindingsveg/nytt kryss/gang og sykkelveg	Reguleringsplan under arbeid
Busstopp ved kryss Savlandsvegen	Lyktestolpe/lyspunkt ved busskuret.	Også aksjon skuleveg- tiltak. Prioritert frå kommunen
Fylkesvei 512 Fimland, Øyjordsvingen- Svorstølkrysset	Manglar rekkverk og møteplassar for bil	Prioritert frå kommunen
Fv 512 ved Nesvatnet.	Trengs rekkverk	Prioritert frå kommunen
Forlenga 60-sone ovanfor Styggelia	Kvifor går ikkje 60-sona til busstoppet	Ber om vurdering frå Vegvesenet
Kallandsflata	Utviding av bru	Ber om vurdering frå Vegvesenet
Kallandsflata	Lysanlegg, spesielt ved brua	Ber om vurdering frå Vegvesenet
Fv511 ved Indrekvam.	Uoversiktleg sving, lite plass for mjuke trafikantar	Ber om vurdering frå Vegvesenet
Fleire plassar, ikkje definert eksakt	Lysstolpar, enkeltpunkt	Aktuelt i folkehelseperspektiv

Innstilling til vedtak

Vurdering:

TILRÅDING:

Utbetring av flaskehalsar, tryggleik og vedlikehald i henhold til tabell

Kommunen peika på etterslep/siktproblematikk generelt.

Vedlikehald, investeringstiltak og flaskehalsar - Fv 611, Sæla - Flora grense

Stad	Tiltak	Kommentar
Rv611	Asfaltering av gjennværande strekningar.	
Redalen- Vevring	Mørke tunnellar- lys eller fornya kvitmaling. Asfaltering	
Lauvberget- området	Rasfare	
Bru Vevring, Årsetbakken.	Bru ved butikken, manglar ved rekkverk og sikt Sikring dreneringsavløp	

Vedlikehald, investeringstiltak og flaskehalsar - Fv 511 og 512- Naustedal

Stad	Tiltak	Kommentar
Trafikksituasjonen – Horstadflata	Sambindingsveg Reiakvam Horstad/nytt kryss/gang og sykkelveg	Reguleringsplan under arbeid
Busstopp ved kryss Savlandsvegen	Lyktestolpe/lyspunkt ved busskuret.	Også aksjon skuleveg- tiltak. Prioritert frå kommunen
Fylkesvei 512 Fimland, Øyjordsvingen-Svorstølkrysset	Manglar rekkverk og møteplassar for bil	Prioritert frå kommunen
Fv 512 ved Nesvatnet.	Trengs rekkverk	Prioritert frå kommunen
Forlenga 60-sone ovanfor Styggelia	Kvifor går ikkje 60-sona til busstoppet	Ber om vurdering frå Vegvesenet
Kallandsflata	Utviding av bru	Ber om vurdering frå Vegvesenet
Kallandsflata	Lysanlegg, spesielt ved brua	Ber om vurdering frå Vegvesenet
Fv511 ved Indrekvam.	Uoversiktleg sving, lite plass	Ber om vurdering frå

	for mjuke trafikantar	Vegvesenet
Fleire plassar, ikkje definert eksakt	Lysstolpar, enkeltpunkt	Aktuelt i folkehelseperspektiv

Prioritering av løyving til Kystvegen Florø – Måløy og midlar til planlegging av trase/regionalanalyse av Kystveg Florø – Dale i den første 4 års perioden. Prioritering av prosjekt Florø - Dale i påfølgjande 4 års periode. Vurdering må også omfatte bru over Ålesundet som eit av alternativa.

Gangbru over Nausta som del av ”Førdepakka”

Naustdal kommune meiner fylkeskommunen må lage ei analyse av kollektivtransporten i Sunnfjord

18.04.2013 FORMANNSKAPET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken med fylgjande tillegg:

I handlingsprogrammet vert det sett av midlar til planlegging av fylkesveg Hyen – Storebru

SAKSORDFØRAR: Harald Kvame

02.05.2013 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå SV:

Endring av pkt. 4.1 – tabell: Redal-Vevring vert endra til «Sæla – Vevring» - rassikring.

VEDTAK:

Tilrådinga med framlegg frå SV vart vedteken med 20 mot 1 røyst.